



På toppen. Marinegastar i framgrunnen.

Festidalen – i samarbeid med Kvinnherad Turlag, har 3 gonger tidlegare prøvt å gjennomføra FestiFjellet-konsert. Grunna dårleg ver, har FestiFjellet blitt avlyst som fjellarrangement alle gongene. Dette året vart lista lagt noko lågare, og Kvinnherad Turlag fekk som oppgåve å arrangera ein tur til Geitadalstinden/Ulvanåso på laurdag, og ein tur til Skorpefjellet på søndag.



Ein liten smak av Festidalen-ølet LAGANÅSO på LÅGANÅSO. Smakte godt meinte Ola, Linda og mange av dei andre.

Skorpefjellturen måtte diverre avlysast grunna meldingar om mykje regn og vind.

Det som verkeleg var kjekt i år – turen til Geitadalstinden vart gjennomført!

Laurdag morgon kl 9 var det møtt fram 23 deltakarar ved Gamlelskulen.

Tenk 23 stk som ville vera med.

Det var ca dobbelt så mange som det var påmeldte.

Overraskinga var stor då 7 marinegastar frå Kystvaktskipet Tor møtte opp i full uniform og ville vera med på tur.

Turen opp til Låganåso er vakker. Gjennom rak bjørkestog, masse blåbær og litt sopp.

Utsiktspunkt der ein ser Børsdalen, bygda, fjorden og nord-sida.

Går ein her fyrste gongen legg ein merke til mykje som augo likar å formidla til det indre i oss.

Vel oppe på Låganåso hadde turleiarane ei lita overrasking: Festivalølet i 2016 heiter jo Låganåso. Dei av turdeltakarane som ynskte det, fekk ein bitteliten smak av dette ølet servert ved varden. Begeistringa var stor, og ølet fekk god karakter.

Då vi kom opp til 700 m.o.h. kom vi i skodde. Denne var med oss heilt opp til toppen. Alle deltakarane nådde toppen «med glans». Sjølv om utsikten var null, var alle svært glade for å ha nådd dette målet. Etter kva eg forstod, var det kun ei dame som hadde vore på denne toppen tidlegare.

Turen ned igjen til bygda gjekk «i ein fei». Nokre fekk gå fort og andre tok det litt meir med ro. Av deltakarane

var det 7 stk som budde på FestivalCampen. Vi kom oss alle ned i tide til å nå Vamp-konserten.

Tekst og foto: Kjell Yri, turleiar

Nett: Thor Inge Døssland